

Honorarfond til folkemusikk

FØREMÅL

Føremålet med honorarfondet er å gjøre folkemusikken i Setesdal kjent og hørt, og å stimulere til aktivitet blant folkemusikkutøvarar, ikkje minst dei unge. Fondet kan dekke delar av honoraret når ein arrangør bruker folke-musikarar med lokal tilknyting til arrangement i Bygland, Valle og Bykle kommunar. Dersom det er unge utøvarar, kan fondet dekke heile honoraret.

Det er Valle sparebank og Valle, Bykle og Bygland kommunar som finansierer fondet, og Setesdal Spelemannslag administrerer det.

KVEN KAN SØKJE OM TILSKOT?

Alle arrangørar - lag, foreiningar, bedrifter eller privatpersonar - med tilskipingar i Bygland, Valle og Bykle kommunar, kan søkje om tilskot frå fondet. Ordninga gjeld ikkje for offentlege institusjonar.

Honorarfondet kan støtte arrangement av dei fleste slag, anten det dreier seg om kulturinnslag ved konferansar, bedriftssamlingar, representasjonsoppdrag, opningsfestar, jubileum, "runde dagar", private tilskipingar eller anna.

RETNINGSLINER FOR TILDELING

Setesdal Spelemannslag administrerer fondet, og definerer kva for utøvarar som kjem inn under ordninga. Følgjande honorarsatsar gjeld:

- 12-15 år full dekning inntil kr. 1 500 per utøvar
- 16-18 år full dekning inntil kr. 2 500 per utøvar
- Andre utøvarar dekning 2/3 av utgiftene inntil kr. 4000 per utøvar
- Gruppe over 4 personar dekning 1/3 av utgiftene inntil kr. 12 000 per gruppe

SØKNAD OM TILDELING

Søknad om tilskot frå fondet skal sendast til Honorarfond til folkemusikk. Du kan nytte søknadsskjema som er å finne på kommunane sine heimesider.

Søknader blir handsama fortløpande, og tildeling skjer dersom søknaden tilfredsstiller retningslinene, og så lenge det er midlar på fondet.



Valle Sparebank

- allstøtt med deg

Hovudbidragsytar til
Honorarfond til folkemusikk.
Valle sparebank står kulturen.



Bykle
kommune



Valle
kommune



Bygland
kommune

Spørsmål?

Sjå heimesidene til kommunane eller
kontakt Setesdal Spelemannslag for meir informasjon
om ordninga.

Søknad sender du til
Honorarfond til folkemusikk
v/ Setesdal spelemannslag,
post@setesdalspelemannslag.no



Setesdal Spelemannslag

**Honorarfond
til
folkemusikk**



Nokre av våre folkemusikkarar i Setesdal



Kirsten Bråten Berg

Opphavleg frå Arendal, men har budd i Valle i Setesdal så å seie heile sitt vaksne liv. Kirsten er folkemusikar og sølvsmed, og ho er rekna som ein fornyar av folkemusikken. Ho har fått ei rekke utmerkingar, mellom anna Spellemannprisen. Kirsten Bråten Berg har gitt ut og medverka på ei rekke CD-ar, turnert over heile verda, og er statsstipendiat. Ho er også lærar i Valle kulturskule, og opptrer gjerne med elevar derfrå.



Hallvard T. Bjørgum

Folkemusikar og sølvsmed frå Rysstad i Valle, og ein av landets fremste tradisjonsberarar innanfor hardingfelemusikken. Statsstipendiat frå 1991. H. T. Bjørgum har gitt ut og medverka på eit rekke innspeilingar, og vunne Landskappleiken og Spellemannprisen fleire gonger. Opp igjennom åra har han samarbeidd med musikkarar frå ei rekke sjangrar og land.



Sylvartun Spelemannslag

Sylvartun Spelemannslag er ei utøvande grein av Setesdal Spelemannslag. Medlemmane er alle meritterte utøvarar.

Frå venstre: Stina Brandin,

Eivind Tanche-Larsen Knutsen, Marton Laksesvela, Knut Arne Rysstad, Gunnar Stubseid, Hallvard T. Bjørgum.



Kim Rysstad

Prisvinnande vokalist og A-klassekvedar frå Rysstad i Valle kommune. Debutalbumet *Tak hardt uti hand vart kåra til Årets soloalbum under bransjetreffet Folkelarm i 2008*, og Vårt Land skreiv at "allerede med sin debut står Kim André Rysstad frem som en stemme for alle tider". I 2009 vann han INTRO-folk og blei av Rikskonsertane og FolkOrg kåra til Årets unge folkemusikar, og ikkje minst vart han kjent for alle gjennom Stjernekamp i 2019. I 2022 gav han ut CD og bok *Or Setesdal* til strålende kritikkar .



Sigrid Bjørgulvsdotter Berg

Kvedar frå Rysstad i Valle. Opptrer solo eller saman med andre, og også med dans. Vokalist i gruppa Ugagn, som framfører musikk bygd på tradisjonsstoff frå Setesdal.



Knut Arne Rysstad

Speler hardingfele, tek oppdrag både åleine og saman med andre. Han speler både til konsert og dans for dei som har lyst til å trø gangaren, og er også ein habil dansar sjølv.



Sigrid Kjetilsdotter Jore

Vallejenta Sigrid er kvedar og dansar. Ho er ein røynd og merittert folkemusikar, og også ofte nytta som kurshaldar. Ho opptrer åleine eller saman med andre, som til dømes far Kjetil Carolis, munnharpespelar, perkusjonist og dansar, eller dansarlaget Sæbyggjan.



Sæbyggjan

Sæbyggjan er eit dansarlag under Setesdal spelemannslag. Dei tek på seg store og små oppdrag, og held kurs for både vaksne og ungdomar.



Eivind Tanche-Larsen Knutsen

Eivind Tanche-Larsen Knutsen speler hardingfele og munnharpe. Han har ei imponerande merittliste, med pallplass under fleire noregsmesterskap både med munnharpe og hardingfele, og han har motteke ei rekke stipend og utmerkingar.



Knut Kjetilson Jore

Knut er kvedar, og ein av våre unge og svært dyktige folkemusikkarar. Han ein scenevant, allsidig og røynd utøvar, og har stått på scenen utelege gongar, både heime i Valle og i dei store byane.



Gunnar Stubseid

Spelemann frå Bygland, busett på Helle i Valle. Gunnar opptrer både solo og i samspel med andre. Han har gitt ut og medverka på CD-plater, har fått Spellemannprisen med gruppa Slinkombas og dessutan vore nominert til prisen tre gonger.



Eldbjørg Trydal Rysstad og Vetle Hoslemo Tveiten

To unge kvedarar frå Valle og Bykle som allereie er godt kjende for det store norske publikum, gjennom medverknad på fjernsyn og CD-innspelingar. Opptrer både kvar for seg og saman med kvarandre.



Fjellfolk

Fjellfolk er sett saman av Helga Jacobsen, vokal, og Trym Bjønnes, tangentar/vokal.

Duoen er kjende frå Melodi Grand Prix, og har mellom anna spela på Eikerapen Roots festival og Canal Street. Med sin sjangeroverskridande musikk har dei brakt folkemusikken ut til eit breiare publikum.



Jamie Lodberg

Kanadier som har gjort så grundig setesdøl av seg sidan han kom til Valle i 2007, at han talar målet betre enn dei fleste og svingar felebogen på høgde med dei beste. Tek ofte og gjerne på seg oppdrag, åleine eller saman med andre.



Daniel Sandén-Warg spelar hardingfele, fele, munnharpe, gitar og nyckelharpa, og er i tillegg utdanna sølvsmed. Han spelar først og fremst slåttar i Hylestad-tradisjon. Sandén-Warg er ofte nytta som band- og studiomusikar, og har spela med Sissel Kyrkjebø, Odd Nordstoga, Åsmund Nordstoga og Harv, i tillegg til å ta på seg lokale oppdrag.



Sigurd Brokke

Munnharpespelar frå Rysstad i Valle som har vunne Landskappleiken to gonger. Har gitt ut platene *Rammeslag* og *Rammeslag II* saman med Daniel Sandén-Warg. Med desse produksjonane vann dei Folkelarmprisen i klassen Solo, i 2007 og 2009. *Rammeslag II* vart dessutan nominert til Spellemannprisen. I 2012 gav han ut solo-CD-en "Munnharpe". Sigurd tek på seg oppdrag åleine og saman med andre utøvarar.

*Folkemusikken i Setesdal
-songen, dansen, spelet -
er på UNESCO si representativ liste over
verdas immaterielle kulturarv*

I denne brosjyren finn du eit utval av våre tradisjonsutøvarar. Kontakt oss gjerne for informasjon om desse eller andre utøvarar som kan passe til akkurat ditt arrangement. Det kan vere innafor dans, kveding, felespel, munnharpe eller anna, enkeltutøvarar eller grupper, profesjonelle eller amatørar.



Foto: M. Kvæale



Kirsten Bråten Berg

Opphavleg frå Arendal, men har budd i Valle i Setesdal så å seie heile sitt vaksne liv. Kirsten er folkemusikar og sølvsmed, og ho er rekna som ein fornyar av folkemusikken. Ho har fått ei rekke utmerkingar, mellom anna Spellemannprisen. Kirsten Bråten Berg har gitt ut og medverka på ei rekke CD-ar, turnert over heile verda, og er statsstipendiat. Ho er også lærar i Valle kulturskule, og opptrer gjerne med elevar derfrå.



Hallvard T. Bjørgum

Folkemusikar og sølvsmed frå Rysstad i Valle, og ein av landets fremste tradisjonsberarar innanfor hardingfelemusikken. Statsstipendiat frå 1991. H. T. Bjørgum har gitt ut og medverka på eit rekke innspeilingar, og vunne Landskappleiken og Spellemannprisen fleire gonger. Opp igjennom åra har han samarbeidd med musikkarar frå ei rekke sjangrar og land.



Sylvartun Spelemannslag

Sylvartun Spelemannslag er ei utøvande grein av Setesdal Spelemannslag. Medlemmane er alle meritterte utøvarar.

Frå venstre: Stina Brandin,

Eivind Tanche-Larsen Knutsen, Marton Laksesvela, Knut Arne Rysstad, Gunnar Stubseid, Hallvard T. Bjørgum.



Kim Rysstad

Prisvinnande vokalist og A-klassekvedar frå Rysstad i Valle kommune. Debutalbumet *Tak hardt uti hand vart kåra til Årets soloalbum under bransjetreffet Folkelarm i 2008*, og Vårt Land skreiv at "allerede med sin debut står Kim André Rysstad frem som en stemme for alle tider". I 2009 vann han INTRO-folk og blei av Rikskonsertane og FolkOrg kåra til Årets unge folkemusikar, og ikkje minst vart han kjent for alle gjennom Stjernekamp i 2019. I 2022 gav han ut CD og bok *Or Setesdal* til strålende kritikkar .



Sigrid Bjørgulvsdotter Berg

Kvedar frå Rysstad i Valle. Opptrer solo eller saman med andre, og også med dans. Vokalist i gruppa Ugagn, som framfører musikk bygd på tradisjonsstoff frå Setesdal.